

Eksamen

23.05.2019

LGA2001 Produksjon og tenesteyting / Produksjon og tjenesteyting

Programområde: Landbruk og gartnarnæring/Landbruk og gartnærning

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar, bruke kunnskap/teori• vurdere ein situasjon, sette løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, grunngje val du gjer, og gjere greie for konsekvensar av vala dine <p>Den endelege vurderinga av eksamenssvaret skal vere ei heilskapleg vurdering av den samla prestasjonen din.</p>

Case-utgangspunkt for oppgåva:

Lise har nettopp overtatt garden til onkel og tante. Ho er nyutdanna agronom, og har nyleg gifta seg med naboen sin son, Finn, som er elektrikar.

Lise og Finn er begge svært interesserte i å starte og drive eit gardsbruk. Dei har to born som har plass i barneskulen i bygda.

Garden dei har overteke har desse ressursane:

- 150 dekar fulldyrka jord
- 70 dekar innmarksbeite
- 2000 dekar utmark, med 800 dekar produktiv skog
- Moglegheiter for nydyrking av omlag 100 dekar
- Det er også gode moglegheiter for å få leige 110 dekar fulldyrka jord hos ein nabo som skal legge ned drifta neste år
- Eigedommen har gode moglegheiter for jakt og fiske
- Driftsbygning for sau er frå slutten på 1960-tallet. Dette er ein tallefjøs.
- Reiskapshus og bustadhus er i god stand

Kvar i Noreg garden ligg og andre opplysningar du treng for å løyse oppgåvene nedanfor, må du føresette sjølv.

Oppgåve 1

Lise og Finn diskuterer om dei skal utvide driftsforma dei har i dag, eller legge om til andre driftsformer på garden. Ein føresetnad er at all dyrka mark på garden skal drivast.

Gjer eit grunngitt val av framtidig driftsform og omfang av denne på garden.

Oppgåve 2

Ta for deg driftsforma i oppgåve 1.

- a) Vurder risiko ved produksjonen og/eller aktiviteten og drøft korleis Lise og Finn skal ivareta eigen tryggleik.
- b) Kva slags rutinar må ein ha for å bruke eit system for helse-, miljø- og tryggleik knytt til ein naturbasert aktivitet eller produksjon på garden?

Oppgåve 3

Sidan det elektriske i driftsbygningen begynner å bli gammalt, vil Finn legge opp alt det elektriske på nytt. I samband med dette ønsker Lise og Finn å sjå på alternative energikjelder.

- a) Rams opp og vurder alternative energikjelder som kan vere aktuelle for heile gardsdrifta.
- b) Foreslå andre tiltak for energiøkonomisering på garden.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre greie for løysinger, bruke kunnskap/teori• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du gjør, og gjøre greie for konsekvenser av valgene dine <p>Den endelige vurderinga av besvarelsen skal være ei helhetlig vurdering av den samla prestasjonen din.</p>

Case-utgangspunkt for oppgaven:

Lise har nettopp overtatt gården til onkel og tante. Hun er nyutdannet agronom, og har nettopp giftet seg med naboens sønn, Finn, som er elektriker.

Lise og Finn er begge svært interessert i å starte og drive et gardsbruk. De har to barn som har plass i bygdas barneskole.

Gården de har overtatt har følgende ressurser:

- 150 dekar fulldyrka jord
- 70 dekar innmarksbeite
- 2000 dekar utmark, med 800 dekar produktiv skog
- Mulighet for nydyrking av omlag 100 dekar
- Det er også gode muligheter for å få leie 110 dekar fulldyrka jord hos en nabo som skal legge ned drifta neste år
- Eiendommen har gode muligheter for jakt og fiske
- Driftsbygning for sau er fra slutten på 1960-tallet. Dette er en tallefjøs.
- Redskapshus og bolighus er i god stand

Hvor i Norge gården ligger, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, må du forutsette selv.

Oppgave 1

Lise og Finn diskuterer om de skal utvide dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer på gården. En forutsetning er at all dyrka mark på gården skal drives. Gjør et begrunnet valg av framtidig driftsform og omfang av denne på gården.

Oppgave 2



Ta for deg driftsformen i oppgave 1.

- a) Vurder risiko ved produksjonen og/eller aktiviteten og drøft hvordan Lise og Finn skal ivareta egen sikkerhet.
- b) Hva slags rutiner må man ha for å bruke et system for helse-, miljø- og sikkerhet knyttet til en naturbasert aktivitet eller produksjon på gården?

Oppgave 3

Siden det elektriske i driftsbygningen begynner å bli gammelt, vil Finn legge opp alt det elektriske på nytt. I den forbindelse ønsker Lise og Finn å se på alternative energikilder.

- a) Rams opp og vurder alternative energikilder som kan være aktuelle for hele gårdsdriften.
- b) Foreslå andre tiltak for energiøkonomisering på gården.



www.vigoiks.no/eksamen